

Hordaland Teater har gleda av å tilby tilsette ved UiB rabatterte billetter til «Raskolnikov», basert på romanen «Brotsverk og straff» av Fjodor Dostojevskij



Velkommen til ei heilt unik teateroppleving på Hordaland Teater i Logen. I denne framsyninga følgjer vi Raskolnikov si ville flukt frå eigne handlingar på ein særskilt og intens måte. Handlinga utspelar seg i alle krikar og krokjar på og rundt teateret. Vi kjem heilt tett på skodespelarane gjennom eit live-kamera som følgjer deira gjennomleving av Raskolnikov sitt brotsverk medan vi opplever det direkte overført til stort lerret. Gjennom godt og vel fire timar vert vi omslutta av oppslukande handling og eit hus som pulserer av spaning og aktivitet. Regissør Kjersti Horn har tidlegare iscenesett klassiske stykke med ein heilt sær eigen vri. Mykje tyder på at dette blir ein Raskolnikov du ikkje har sett før.

Framsyninga er eit samarbeid med Det Norske Teatret.

Dramatisering: Tormod Skagestad

Regi: Kjersti Horn

Scenograf og kostymedesignar: Sven Haraldsson

Lyddesignar: Erik Hedin

Dramaturg: Ingrid Weme Nilsen

Videoregi: Mads Sjøgård Pettersen

Med: Preben Hodneland, Frode Winther, Anna Ladegaard, Kaia Varjord, Emil Johnsen, Nina Woxholt og Svein Roger Karlsen.

Ordinær billettpris: Kr. 350. Tilbod til UiB: Kr. 250. Billetter kan du kjøpe her:

25 sep kl. 18.00: <https://hordalandteater.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?event=285&kassierer=webgrupe>

28 sep kl. 18.00 <https://hordalandteater.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?event=288&kassierer=webgrupe>



Du kan også sende epost til publikum@hordalandteater.no

